

# Bokn Bygdablod

Nr. 5 juli 2012 – Årg. 27



Ny rektor – s. 3

Mosjonsdag – s. 8

Permisjon – s.16



[www.bygdabladet.no](http://www.bygdabladet.no)

KJEKT PÅ **BOKN**






## RDFØRAREN RDET

### *Kjære sambygding*

Den 30. juni vakna boknarane opp til den triste meldinga om at me hadde mista ein av ungdommane våre under Skudefestivalen i Skudeneshavn. Det var vanskeleg å ta innover seg at ein av våre ungdommar, som stod på trappa til vaksenlivet, på tragisk vis blei riven bort. Tommy Øvrebø var umissteleg for sine kjære, men også for venner og kollegaer og eit heilt samfunn. Han var ein sjeldan miljøskapar, og han let etter seg eit tomrom. I ei lita bygd blir me alle råka når slikt skjer.

I 1996 blei boknasamfunnet ramma av ei hending der ein ungdom omkom i samband med ei tragisk ulukke i Oslo, samstundes som to born blei tatt av ein bråttsjø då dei gjekk tur på svaberga i Loden. Dei vonde kjenslene frå desse to hendingane kom tilbake for mange nå i sommar. Men den gang som nå viste boknarane samhald og varme for kvarandre. Dører blei opna i ungdommelege rammer på idrettshuset, kyrkja og i mange boknaheimar. Boknarane stod opp for kvarandre og var der for ein heil generasjon av ungdommar som var direkte råka av hendinga.

Sorga for pårørande og venner



går ikkje over sjølv om livet går vidare. Ein lærar seg sakte å leva med det som har skjedd, men det er ei lang reise. Å kome seg vidare er ikkje alltid lett når livet tar ei vond vending. Det er viktig å akseptera at sorg tar tid. I vår tid og i vår kultur er det ofte når alle rituala kring dødsfallet og gravferda er over, at sorga tyngjer mest. Då står ein der med i ei kjensle av å vera åleine i saknet. Difor er det ikkje minst då at den vesle merksemda kan vera så viktig for dei som er i djup sorg. Ein klem, eit klapp på kinnet, eller orda: «Tenker på deg.» skrive på eit fint kort, har stor betydning når kvardagen set inn.

Tommy blir ikkje gløymd.  
Minna om han lever vidare.

Han hadde ein stor vennekrets og mange har opplevd det musikalske talentet hans og utstrålinga frå scenekanten då han spelte og song i bandet «The Kvednabekkjers». Ein flott ungdom kjem ikkje til å få utfolda seg slik han skulle gjort. Han er borte, men songane og tekstane hans vil leva vidare.

Eg vil takka alle som på ein eller annan måte har bidrege i sorgarbeidet og som har gitt ei skulder å gråte på, og som gjennom ord eller handlingar har vist medkjensle i ei tung tid for ungdommane i Bokn.

Vit at heile bygda er med dykk!

*Ordføraren*



# Rektorskifte på skulen

Jardar Havikbotn

## Jarle Nilsen (45) blir ny rektor på Bokn skule.

21. juni melde Haugesunds Avis at Utsira-ordføraren overlot ordførarklubba til varaordføraren. Dagen etter var Jarle Nilsen på besøk i Bokn som påtropsande rektor, og fekk m.a. helsa på heile personalet på den nye arbeidsplassen sin, frå 1. september.

Nilsen, som er gift og har tre barn, er revisor- og pedagogikk-utdanna, og var rektor på Utsira skule i fire år før han blei ordførar. Sidan 1999 har han vore med i opplæringsutvalet i fylkespolitikken. Sirabuen fortel til Bokn Bygdabladd at han gler seg til å ta fatt til hausten.

Seksjonssjef kultur, skule, barnehage, Bjørn Nøttum, er kjempeglad for at det gjekk så bra med tilsettinga og ser



Jarle Nilsen helsar på personalet ved Bokn skule, under sommaravslutninga deira 22. juni.

fram til samarbeidet, og til å vidareutvikla Bokn skule som den gode skule han er.

**Bokn Bygdabladd vil koma tilbake til ein nærare presentasjon av den nye medarbeidaren.**

# Bruktmarknad i gymsalen

Hanne Marte Vatnaland—foto: May Jorunn Vatnaland

**«Eg likar ideen om at det som ikkje lenger passar for ein, er midt i blinken for ein annan.»**

Laurdag 16. juni vart den første bruktmaknaden arrangert i gymsalen på skulen. Grethe Alvestad er initiativtakar for bruktmaknaden ho håpar kan bli ei fast hending eit par gonger i året på Bokn. Ho fekk ideen frå den koselege bruktmaknaden som vert heldt i Stavanger kvar laurdag; «Slike bruktmaknader er verkeleg koselege og sosiale, så eg tenkte at noko sånn må me då greie å få til her også!»



Mykje å sjå, og sikkert noko for ein kvar smak.

Det var åtte seljarar på plass denne gong, og Grethe håpar sjølv sagt at fleire hiv seg på neste gong. «Alle kan komme med det dei vil selje, enten dei har laga noko sjølv, har rydda huset, eller er forhandlarar.

Også barn som har rydda rommet sitt er velkomne til å selje leker!» For dei som ikkje har noko å selje kan ein ta turen ned for ein kikk, og for det sosiale. Ho satsar på å finne nokon som har lyst til å stå for ein liten kafé til neste gong.



Eit miljøvenleg og sosialt tiltak.

Grethe kryssar fingrane for ei fin helg i siste halvdel av august for å arrangere neste bruktmaknad på den store marka utanfor huset hennar.

«Me får håpe på litt bra vær, så skal det annonserast nærare!»



Salet gjekk strålende.

## Søkte Etnefjorden med ultralyd

Tekst: Jardar Havikbotn - foto: Bjørn Egil Yrkje

**Sankthans-helga hjalp Bunndata AS til i leitinga etter savna personar i samband med båtforliset i Etnefjorden.**

- Me fekk telefon av politiet laurdags morgon (23. juni) om me kunne rykka ut og bistå søk i Etnefjorden, seier salssjef i Bunndata, Bjørn Egil Yrkje, til Bokn Bygdablad.

Boknafirmaet har noko av den betre teknologien på markedet, varmesøkande kamera, Sidescan, Structurescan og Towfish (ein type ultralyd som framstår som eit bilde). Dei søkte også med fjernstyrt miniubåt på strekninga frå Dreganes og austover.

Bunndata har skanna havbotn utan at det er gjort funn, og aksjonen blei avslutta i samarbeid med politiet.

Bjørn Egil Yrkje fortel om eit enormt trykk frå media, eit trykk som blei så stort at han til slutt berre kunne gi korte kommentarar.



TV2 landa 50 meter frå båten med helikopter for å sikra seg siste nytt.

## Ung spreking på hjul

Hanne Marte Vatnaland—foto: Hanne Marte Vatnaland

Han fikk seg sykkel i mars, hadde sitt første løp i mai, og 13. juni imponerte Joakim Skjelde stort på lagtemporitt i Vats. Sammen med sine to lagkamerater vant han i klassen «Yngre enn 17» med den sterke tiden 0:30:33 på de 16 km rundt Vatsvatnet.

I lagtemporitt ligger man på hjul og veksler på å dra. Den eneste gangen laget til Joakim hadde trent sammen var når de kjørte gjennom løypa på forhånd. «Vi var 6 lag som startet med 1 min mellomrom, så jeg fikk selvfølgelig en god følelse når vi som startet sist tok igjen 3 lag.» Han synes det er stas at deltagerne var opp til 16 år på lagene som ble slått.

Joakim sykler for CK Haugaland som pappa Kjell Olav er klubbleder for, og det var der sykkelinteressen kom fra. Det er likevel

mange flere voksne medlemmer enn barn og unge. «Jeg trener for det meste alene eller sammen med pappa, og blir med for å se på løp han er med på.»

Selv skal Joakim være med i flere løp nå i høysesongen for sykling, før han setter seg på spinningssykkelen i vinterhalvåret. Tour of Norway for Kids går av stabelen i Haugesund 18. juni, så følger Birkebeineren for unge i Stavanger 26. august, og vårt eget Bokn-opp en liten uke senere, 1. september. «Jeg gleder meg til å spurte mot andre på fellesstart,» Selv om terrengkjøring er kjekt innimellom, er det landevei som er det store, «Fordi det går fortest!»

Pappa Kjell Olav har sagt han er imponert over sønnens kjappe framgang, og Joakim selv sier det er kjekt at det går så bra. I tillegg

til å bli inspirert av de store sykkelstjernene, er også pappa en rollemodell for Joakim, «men han har sagt at han tror jeg kommer til å slå han etter hvert.» smiler



Ungt talent på hjul.



## Fiskesprell i barnehagen 2012

Tekst: Anne Ottem - foto: personalet i Bokn barnehage



I slutten av mai og begynnelsen av juni hadde vi prosjekt om fisk i barnehagen. Lokale krefter stilte opp med båter, og vi var ute og fisket med barna fra Bokn bruse-avdelingen og de største barna fra Småtroll-avdelingen.



Ein stolt båtførar.

Vi fikk også 6 kjempestore laks av Grieg Seafood ved Atle Jøsang. Fisken ble filletert mens barna observerte og Elisabet forklarte om de forskjellige organene i fisken og deres funksjoner – du skal lete lenge etter en mer lydhør forsamling.



Mykje rart å få i hoven.

Alle barna fikk i løpet av prosjektet lære om forskjellige fiskeslag, og hvorfor det er bra for kroppen å spise fisk. Det ble lest om fisk, vi sang om fisk, plakater på veggene, og vi hadde hefter med fortellinger om barn som var på fisketurer.

Når noen barn var i båt – det var bare 3 til 4 stk i båten av gangen – var de andre på land og undersøkte livet i fjæra. Vi fisket med stintesnøre og fant snegler, skjell, småkrabber, tang og tare, og lunsjen var stekt fisk som ble

tilberedt og spist ute....kjempegodt! Barna på Bokn Bruse var også på besøk på Grieg, og fikk se på smolt, og ble forklart gangen i oppdrettsfiskens sykklus.



Stintefiske.

Noe av den fisken vi fisket selv, gikk rett i gryta og ble fiskesuppe, og det var stas og spise den maten vi hadde



Ein stolt fangstmann.

høstet i havet selv. Og plutselig var fiskesuppe verdens beste mat, og alle likte det!



Steikt laks uti det fri.

Det var ikke alltid at fisken ville bite på i det vekslende været, så vi var så heldige at vi fikk en stor kasse med mye god fisk av "FiskeFinn"! Da kom Ragna Alvestad og lagde fiskekaker av noe av filetene. Vi lagde skikkelig middag med poteter og gullerøtter til. Nam...

Prosjektet – "Fiskesprell" er en nasjonal satsing, og 2 i personalet var på kurs om fisk og tilberedning i fjor. Prosjektet har vært et samarbeid med folkehelsekoordinator Anne Elisabet Askeland, og vi fikk plakater, fortellinger og inspirasjon gjennom Norges Sjømatråd.



Fiskesuppe på sommarfesten.

For å stimulere til å spise mer fisk ble det foreslått at vi skulle ha fiskesuppe på avslutningsfesten i barnehagen i vår. Og hva kan vel smake bedre enn Tor Haralds fiskesuppe?? Tusen takk til Tor Harald, og hjelperne blant foreldrene på Boknatun.

**Til slutt vil vi rette en spesiell takk til Grieg ved Atle Jøsang, for alt han har gjort for barnehagen i forbindelse med prosjektet.**

**Takk også til Bokn fiskarlag ved Edgar – som stilte med diverse fiske-utstyr og båt. Jostein Larsen og Johannes Nilssen som stilte opp og hadde barn med i båter. Håflu fisk og Finn Alvestad, for mye og gratis fisk. (Alt er spist) Kjære Ragna – takk for verdens beste fiskekaker.**


# Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 5 1992

## BOKN PLAST KAN FÅ STORE LEVERANSAR TIL NORDSJØEN

Som sikkert mange har høyrte og kanskje lese i Aftenbladet har Bokn Plast fått eit oppdrag på tre svære lokk som skal plasserast over brønnhovedventilane på 250 meters djup på Haltenbanken på oljefeltet Draugen. Denne leveransen kan bli starten på ein omfattande ny produksjon for Bokn Plast. Bedrifta har lagt inn tilbud på 17 nye brønnhovedlokk som skal plasserast på Troll-feltet med opsjon på 25 i tillegg.

Dagleg leiar i Bokn Plast - Gunnar Eide, seier til bygdabladet at avgjerda om Bokn Plast får dei store oppdraga vil koma i løpet av sommeren. Bokn Plast må montera dei 3 lokka hos Karmøy Stålindustri i Skudenes, då dei ikkje har egna lokale ved bedrifta i dag. Men dersom bedrifta får dei nye store oppdraga, vil det bli nødvendig med utviding av produk-



sjonslokala.

Bokn Plast har alt nå tatt in 2 mann ekstra i arbeid, og dersom dei får dei nye oppdraga må dei auka bemanninga med frå 6 - 8 personar.

## Omsetning av eigedomar i Bokn

**Andel av Gnr 4, bnr 31** er solgt for kr 180.000 fra Tor Henning Mæland til Monica Sunde

**(04.06.2012)**

**Øyren 14 (Gnr 4, bnr 22)** er solgt for kr 217.061 fra Mæland Bygg as til Tor Henning Mæland og Malene Brufladt Korsvik

**(04.06.2012)**

**Andel av Lodavegen 194 (Gnr 13, bnr 11)** er overdradd fra Joar Vatnaland til Jennifer Anne Vatnaland

**(07.06.2012)**

**Gnr 11, bnr 278** er solgt for kr 440.000 fra Lilly Louise Alvestad Krunenes til Robert Birkeland og Irene Kro

**(19.06.2012)**

**Øyren 20 (Gnr 4, bnr 28)** er solgt for kr 600.000 fra Marit Alvestad til Odd Kenneth Tollaksen

**(20.06.2012)**

Kjelde:  
Statens kartverk



## Gullkorn fra barnemunn

Pappa sier mamma'n min er bevisstløs når hun kjøper klær. (Tor 6 år)

Når jeg blir voksen vil jeg bli akkurat som pappa, bortsett fra at jeg ikke vil ha hår over hele meg. (Tony 8 år)

En ektefelle er noe som er laget av jern og ofte henger ute i skogen. (Tobias 6 år)

Appelsiner har ikke skjelett, men det har maur. (Line 6 år)



# KULTURKALENDEREN

## FORANDRINGAR/NYE ARR. ER **UTHEVA**

### Juli

29. Gudsteneste kl. 12.30

### August

17. Kino i Auditoriet  
 19. Gudsteneste kl. 18.00, misjonssundag  
 26. Frilufsdag, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar, Bokn idrettslag, Bokn Røde Kors, Friskis&Svettis  
 27. Bibellesing på bedehuset  
 29. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00  
 30. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30  
 31. Kino i Auditoriet

### September

01. Bokn Opp, sykkelritt - arr. Bokn idrettslag & Falkeid idrettslag  
 02. Gudsteneste kl. 11.00, presentasjon av konfirmantar/50 års konfirmantar  
 02. NMS-fest på bedehuset kl. 19.00  
 02. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps  
 09. Normisjon på bedehuset  
 10. Bibellesing på bedehuset  
 14. Kino i Auditoriet  
 16. Gudsteneste kl. 11.00  
 16. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30  
 21. Bedehusbasar  
 24. Bibellesing på bedehuset  
 26. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00  
 27. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30  
 28. Kino i Auditoriet  
 29. Kampen om Vikingskipet, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar  
 30. Gudsteneste kl. 11.00, hausttakkefest

### Oktober

03. Basar DISM på bedehuset  
 06. NM-Lag i Trial  
 07. Bingo på skulen kl. 19.00, arr. Bokn musikkorps  
 08. Bibellesing på bedehuset  
 Veke 41 Haustferie, Bokn skule

12. Kino i Auditoriet  
 14. Gudsteneste kl. 11.00  
 17. Kontaktmøte kl. 19.00 på bedehuset  
 22. Bibellesing på bedehuset  
 25. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30  
 25. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00  
 09. Israelmisjon på bedehuset  
 26. Kino i Auditoriet  
 27. Auksjon på skulen, arr. Bokn musikkorps  
 28. ABR-senteret på bedehuset kl. 19.00

### November

**02.-04.Vandrarane på leir til Røvær**  
 04. Gudsteneste kl. 11.00, Allehelgenssundag  
 05. Bibellesing på bedehuset  
 07. BLEST-arrangement i Auditoriet  
 09. Kino i Auditoriet  
 09. Kulturkveld på bedehuset  
 11. Familiemøte på bedehuset kl. 16.30  
 17. NMS-julemesse, Tysværvåg  
 18. Gudsteneste kl. 15.00, fireårsbok  
 19. Bibellesing på bedehuset  
 21. NMS-møte på bedehuset  
 23. Kino i Auditoriet  
 25. Bingo på skulen kl. 16.00, arr. Bokn musikkorps  
 27. Soknerådsmøte på bedehuset kl. 19.00  
 29. Bokn pensjonistforening har møte i Allrommet, Boknatun kl. 17.30

### Desember

02. Gudsteneste kl. 18.00, lysmesse/speidarane  
 03. Bibellesing på bedehuset  
 04. Grautfest på skulen, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar  
 07. Kino i Auditoriet  
 09. Luciafest, arr. Bokn musikkorps  
 16. Gudsteneste kl. 11.00  
 16. Juletreffest på bedehuset kl. 15.00, arr. Bokn KFUK-KFUM speidarar  
 24. Gudsteneste kl. 14.00  
 26. Gudsteneste kl. 11.00  
 28. Juletreffest på bedehuset kl. 18.00  
 31. Gudsteneste kl. 16.00



## Strikkekunst til Bokn

Fenomenet kallast og "strikkegrafitti" eller Yarnbombing (strikkebombing). For nokre månadar kom fenomenet her til Bokn. Her er nokre av eksempla ein kan sjå i nærmiljøet våras.



## Bokns første mosjonsdag

Bildealbum  
frå dagen på  
bokn.no

Det spøkte for mosjonsdagen da regnet bøttet ned fra morgen av, og kun den harde kjernen av turgåere meldte seg til start på formiddagens turmarsj. Likevel var det ingenting å si på stemningen på idrettshuset søndag 24. juni, som til slutt lokket frem selveste solen.

Etter hvert dukket nemlig hele 18 spennklare deltagere opp til barneløpet på 1 km. Spreke gutter og jenter opp til 12 år og helt nede fra 1 år gjorde en fantastisk innsats. Noen løp til og med tilbake etter å ha krysset mållinjen for å hjelpe andre i mål!

De fleste var enige om at det var veldig kjekt, og litt slitsomt, men heldig



Veldig stas med barneløp, håper enda flere løpere stiller neste år!



Birger Lindanger kom spesialbestilt over fjorden for å stille som speaker.



Celina Bokneberg (nr. 83) og June Grønnestad (i svart) var blant de spreke boknarna som tok utfordringen.



vis var det diplom og stor medalje til alle sammen. Idrettshuset ble en trivelig kafé hvor man kunne kjøpe både lopskaus og kaker. Noen av barna fant motivasjon i at de skulle få is når de kom i mål, og fikk skikkelig fart på seg!

Starten på selve manndomsprøven, «Bokn OppNed» var flyttet fra Kaien i Føresvik i fjor til Idrettshuset i år, men løypa var tilsvarende den i fjor. I år stilte 22 deltagere, og derav 13 damer. De to yngste på 12 år, Jørgen Nilssen og Kristoffer K. Kvinnesland gjorde begge gode figurer. Sistnevnte deltok i

hele to løp, både barneløpet og Bokn OppNed.

Beste tid blant damene var Janne Elin Vatnaland med tiden 42:31, og beste mann var Thomas Finshus på tiden 34:30 som er ny løyperekord. Finshus syntes løypa var spennende og sa han stiller gjerne neste år. Han ble likevel rådet til å ta seg bedre tid for å nyte utsikten fra fjellet neste gang... Tusen takk til alle sponsorer: Statoil, SpareBank1, Kjækt på Bokn, Coop Marked Bokn.

Hjertelig takk også til arrangører, frivillige, kakebakere, tidtakere, løpevakter, heigjenger og Bokns festligste speaker, Birger Lindanger som stilte i år igjen.

**1. plass blant kvinnene, Janne Elin Vatnaland 0:42:31**



Håper vi får se minst like mange sprekinger neste år!



1. plass blant mennene, Thomas Finshus 0:34:30

## Resultatliste, Bokn OppNed 2012:

Navn:	Etternavn:	Tid:
Thomas	Finshus	00:34:30
Roger	Nevland	00:35:08
Bjøro	Nevland	00:36:37
Håvard	Øglænd	00:36:38
Nils Haktor	Bua	00:41:42
Janne Elin	Vatnaland	00:42:31
Trond	Vatnaland	00:47:36
Jorunn	Hagesæther	00:48:00
Celina	Bokneberg	00:48:09
Asbjørn	Kvinnesland	00:48:21
June	Grønnestad	00:48:38
Aslaug	Knutsen	00:52:08
Sophie	J. Alvestad	00:52:16
Jørgen	Nilssen	00:52:36
Hege	Sunde	00:55:19
Randi	Vågshaug	00:55:34
Marthe	S. Waka	00:56:52
Anne	Askeland	01:03:11
Oddveig	Vågshaug	01:04:31
Kristoffer	Kvinnesland	01:04:35
Thea	Sande	01:21:38
Karin	Kvinnesland	01:21:39

## Yoga

Hanne Marte Vatnaland—foto: Hanne Marte Vatnaland

Etter eit ønskje om å få yoga til Bokn har eg (Hanne Marte Vatnaland) saman med Bianca Alvestad og Janne Elisabeth Ytreland fått gå på kurs for å bli yoga-instruktørar, og til hausten startar vi endeleg opp med ei gruppe på Bokn!

Yoga stammar frå India og er ein fleire tusen år gammal metode for å komme i balanse på alle plan gjennom fysiske stillingar, pusteteknikkar, djup avspenning og meditasjon.



Spreke damer med flott initiativ.

### Ti gode grunnar for yoga

1. Yoga kan praktiseras av både kvinner og menn i alle aldre og fasongar
2. Kroppen blir både sterkare og smidigare
3. Spenningar i kropp og sinn frigjerast og gir økt energioverskot
4. Sansane og konsentrasjonen skjerpast, noko som betrar merksemd og tilstedeværelse i kvardagen
5. Kroppens fysiologiske prosessar som f.eks. fordøyelsen harmoniserast
6. Du kjem i betre kontakt med deg sjølv og din kropp, og aukar di sjølvinnstikk
7. Gir ro og balanse og det vart lettare å handtere forstyrringar og stress
8. Yoga fremjar eigenkjærleik og gir indre tryggleik
9. Yoga hjelper mot muskel- og skjelettplager
10. Yoga hjelper også mot depresjon, angst og utbrenthet

Me ynskjer ein oversikt over kor stor etterspørselen er, og ber difor om at dei som kunne tenke seg å prøve yoga saman med oss, eller har andre spørsmål, melder frå til ein av oss tre.

**Tilbodet vil vera gratis for medlem av Bokn Idrettslag.**



# Gratulerer!



Send bilde og tekst til [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no) eller MMS til 98 22 15 08



**Celine - 2 år, 20. juni.**

Jeg vil så gjerne gratulere go`jenta Celine som på Brekke bor med 2 års dagen! Masse glad i deg!


**Kos og klem fra "tante " Irene.**



**Inger Jøsang - 70 år, 24. juni.**

Me vil gratulera vår kjære mor, svigermor, mormor og farmor med 70 års dagen!  
Me er kjempeglade i dag.

**Stor klem fra barn, svigerbarn og barnebarn**



**Silje Eide - 19 år, 24. juni.**

Gratulerer med 19 års dagen, Silje!

**Klem fra Annelin, Renate, mamma og pappa.**



**Sunniva Taraldlien - 10 år, 28. juni.**

Me vil gratulera Sunniva med 10 års dagen 28. juni.  
Masse glad i deg:)

**Helsing mamma, pappa og Irmelin.**



**Erik Nilssen - 14 år, 28. juni.**

Hipp hurra for Erik som blir fjortis.

**Hilsen fra Maria, mamma og pappa.**



**Sigvart Våga - 80 år, 30. juni.**

Me vil gratulera vår gode far, svigerfar og bestefar med dagen!

**Hilsen og klem fra familien**



**Sylvia Marlene Vatnaland - 14 år, 4. juli.**

Vi vil gratulere fjortisen vår så mye med dagen 4. juli!  
Masse glad i deg.

**Klem fra Linnea, mamma og Malcolm.**



**Sylvia Marlene Vatnaland - 14 år, 4. juli.**

Gratulera med dagen, Sylvia!

**Klem fra Lene, tante og onkel :-)**



**Ingunn Våge—70 år, 16 juli.**

Vi vil gratulere verdens snillaste mor Ingunn Våge med 70-års dagen 16. juli. Vi gleder oss til å feire og håper du får en fin dag.

**Mange gratulasjoner fra hele familien med store og små**

Gullkorn frå barnemunn:

Gud gjorde fem brødre om til to fisker.

Noen tror på Allan, andre tror på Harry Krishna

Jesus gikk på vannet fordi han ikke ville bli våt på beina.

Du må aldri blåse en katt i øret, for hvis du gjør det fire eller fem ganger, biter den deg i leppene. Og da slipper den ikke taket på minst ett minutt. (Lisa 9 år)

Det nytter bare ikke å støvsuge katter, ikke engang om de er aldri så møkkete. (Aslaug 10 år)

Sopp vokser på fuktige steder. Det er derfor de ser ut som paraplyer. (Henrik 8 år)

En fjert er en liten fugl med grå vinger. (Stig 9 år)



**STORT FRAMSIDEBILDE:**

Sommarmarknaden 2012  
Foto: Hanne Marte Vatnaland



# Eg seie meg så

Birger Lindanger

## Denne gongen...

.. var det visst ikkje så enkelt. Det var særleg uttrykket "ein trysk" som ikkje samsvara med "fasit". Etter som heimelsmennene sa, skulle det bety "ein trave, ein utkropan person". Men både Dagsenteret og Andor uavhengig av kvarandre er inne på at det eigentleg betyr noko som er gammalt og slitt. Me må difor gje rett på dette. Når det gjeld "å daura", meinte heimelsmennene at dette uttrykket betydde "å kvila middag" medan "åvera dauren" tydde å vera skjelven. Det viser seg elles at "ei hodda" som me hadde tidlegare, også kan tyda "eit handtak". Resultatet er at både Dagsenteret og Andor denne gongen fekk full pott. Denne gongen var det likevel nokså stor spreing hjå dei som leverte svar, noko som fortel at uttrykka denne gongen heller ikkje var spesielt enkle.

## Så forklaringane:

- |              |   |
|--------------|---|
| 1. å daura   | å sovna, kvila middag (å vera dauren tyder å vera skjelven) |
| 2. ei stryda | trakt   |
| 3. å pulka   | å vera sur, sutrete   |
| 4. å klåra   | Å skrella kokte poteter                                     |
| 5. ein trysk | Ein trave, noko som er gammalt og slitt                     |
| 6. å gryla   | hyla  |
| 7. ei tåda   | Tygd mat til born, mat i tøy                                |
| 8. å fraua   | skumma  |
| 9. å fryna   | Rynka på nasen, vera misnøgd                                |
| 10. eit tele | golv, dørk  |

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 15. august**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

### Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL [post@bygdabladet.no](mailto:post@bygdabladet.no)

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad  
Boknatun

## MÅNADENS UTTRYKK

### Kva betyr...

1. eit traleverk
2. å didla
3. å vera elten
4. gaupen (ikkje dyr)
5. å vera kasen
6. å vera labben
7. å jatla med
8. lagabrende
9. nøben
10. ei folge



Er boknauttrykket "nøben" det motsette av det gamle uttrykket "nøgen" - altså særst godt påkledd?

## Resultatlista denne gongen var då fylgjande:

- |                              |          |
|------------------------------|----------|
| 1. Dagsenterdamene           | 10 poeng |
| 2. Andor Borgenvik           | 10 poeng |
| 3. Audhild Svendsen Alvestad | 7 poeng  |



**Stå på! Ikkje gløym at når alt blir summert, ventar det både lovord og premiering.**

## Solstråledraum

Han fanga ei stråle av sol og han kjende kor ho var varm  
Ho traff han på eit kaldt kinn, det stråla ned i ein kjølig arm  
Ho fortalde han om ei verd langt borte, om palmar og om hattar av strå  
Og guten, vart mest litt yr han;  
han var mest vane med regn å sjå..

"Takk! Takk til draumar varme;  
dei gjev oss mot til å halda ut!"  
"Finn regnkleda du vesle son min,  
finn støvlar blåe, du vesle gut!"  
"Ta draumen med deg, finn fram motet og bruk det godt, lat regnet sila.."  
Inn att til mor med kinn svarte av søle, av væte og takk regnet som deg lattermildt kitla....

Guten...Regnet....Livet.

Og ein draum om sol.

AEA

# Ein heil dag med lam

Anne L. Faye

**8. klasse er så heldige at dei har ein far som er kokk, og ikkje bare det – kokken/faren tilbudde seg å komme på besøk for å vere på kjøkkenet ein heil dag i lag med elevane.**

Fredag 15. juni kom Gunnar Bokneberg med eit stykke lam, samt diverse ingrediensar, som couscous, tortillalefser, grønnsaker og ein mengde sausar.

Han gav med ein gong beskjed til elevane om at det var dei som skulle stå for kokkeleringa, han sjølv skulle bare bidra med gode råd. På menyen stod barbequeribber, tortilla med lam, indre- og ytrefilet og lammelår. Som tilbehør skulle dei lage focacciabrød, cou-scoussalat og steikt ris. Til dessert: rabarbragrøt. Med andre ord: den perfekte sommarmeny.

I skrivande stund er underteikna omgitt av hardtarbeidande elevar og ei fantastisk lukt av barbequesaus og steikt kjøtt.

På vegne av oss i 8. klasse vil eg takke Gunnar så mykje for at han ville sette av ein heil dag til oss og gje oss ein kulinarisk oppleving av dei sjeldne.



1



2



3



4

1. Sånn skal det gjerast.  
3. Elevane får gode råd av kokken.

2. - Litt ekkelt, meinte nokon.  
4. Kutting, kutting, kutting...

# Flott elevkonsert!

Jardar Havikbotn

Bildealbum  
frå konserten  
på bokn.no

**14. juni inviterte Bokn musikk- og kulturskule til elevkonsert i Auditoriet. Det blei ei koseleg musikalisk stund i ei uformell ramme.**

Det var godt med tilhørarar i amfiet, stort sett aktørane sine familiar. I 90 minutt fekk dei smakebitar på mykje av det elevane hadde jobba med det siste semesteret.

Rundt 25 av Kristoffer Vincent Hansen (gitar og band) og Venevil Birkelund (piano) sine elevar var i aksjon i ulike samansetningar. Her var opprinn av både enkeltlevar, duoar, trioar og to band. Forutan å spela frå lærebøker, florerte listepop'en, særleg blant dei eldste elevane. Og så fekk me ein sjøllaga song på piano, det stod Vetle L. Faye for. Flott og kreativt, og bevis på at han trivst med instrumentet.

Mange fekk god trening i å opptre, og fleire viste at dei hadde kome langt i musikkformidling. Det er imponerende at så mange unge framstår naturlege på scenen, og leverer så bra som dei gjer. Ikkje rart dei frammøtte koste seg. Kaffi og brus i pausen fekk dei også.  
Det må gjerne vera elevkonsertar oftere!



**POPULÆRT MED BAND:** Fv. Kristoffer V. Hansen på bass, Sylvia Vatnaland og Linn Sørvaag på vokal, Ida Havikbotn på slagverk (vikar), Rune Hognaland på akustisk gitar, Johan Rossebø på elektrisk gitar og Simmen Karoliussen på keyboard.

**TIL HØGRE:**  
Vetle L. Faye spelar sjøllaga song.





# Sankthans

## Kirkelig høytid med hedensk opprinnelse

Tekst: Hanne Marte Vatnaland - foto: Kyrre Lindanger

Feiringen av døperen Johannes sin fødselsdag ble satt av kirken til 24. juni, nøyaktig et halvt år etter Jesu fødsel. Dette er opprinnelsen til den kirkelige høytiden vi i dag kaller «Sankthans». Den gamle hedenske midtsommerfeiringen som falt på samme tidspunkt er for øvrig enda eldre, og slik overtok kirken både datoen og feiringen av denne dagen, som den opprinnelig ønsket å fordrive.

Sankthans, jonsok eller midtsommer var i gamle dager en stor festdag på høyde med julefeiringen, og akkurat som i jula, feires det i Norge kvelden før dagen.

Frem til 1771 var Sankthans en helligdag i Norge, men ble så avskaffet fordi feiringen bar for mye preg av den gamle folkelige feiringen, mens det kristelige innholdet knyttet til dagen kom i bakgrunnen.

### Magisk bål og hekseri

Sankthans er fra gammelt av forbundet med magi og overtro. Bålet i feiringen har alltid vært sentralt, og skulle beskytte mot onde makter. Dette var natten da heksene red på husdyr til Bloksberg for å samles, og det var vanlig å lage en heks av kvister og papir som man brant på bålet. Noen steder i Danmark er dette fremdeles en tradisjon.

Bålet skulle helst tennes på gamlemåten (ikke engang fyrstikker var lov!), og flammene fra bålet var magiske. Alle måtte danse i ring rundt bålet, og



**23. JUNI 2012: Et lite hundretall trosset regnværet på speiderens arrangement på Alvestadkroken nærmiljøanlegg. Karusellen og taubanen hadde stor pågang.**

det var til og med vanlig å hoppe gjennom bålet, noe som ville beskytte mot sykdom og ulykke.

All magi ble forsterket på Sankthansaften, og dette var kvelden for å samle legende urter. Sjansene for å treffe på en trollkvinne som var ute og samlet urter til tollbrygg var også store. Til og med vannet hadde spesiell kraft, for eksempel kunne dugg hjelpe mot øye-

lidelser. Unge jenter kunne drømme om sine fremtidige ektemenn ved å legge syv sorter markblomster under puten, og været på Sankthans ville varsle været for resten av sommeren.

På Bokn i vår tid forbinder vi stort sett Sankthans med grilling i fjæra, bål, speiderkarusell og den sosiale sammenkomsten. Dessuten gir vi gjerne været en sjanse til å snu...

## Dugnad på Føresvik leikeplass

Foto: Hanne Marte Vatnaland

Med våren kjem mykje, og også eit fenomen kalla dugnad.

Det sto ikkje på noko, då velforeininga Føresvik ville rusta opp på leikeplassen. Det var blitt ein del slete og grått, så maling i mange forskjellige

fargar vart funne fram.

Resultatet talar for seg, eit framifrå arbeid frå flinke folk!



**Før oppussinga.**



**Etter oppussinga.**



**Hytter/Leiligheter med båt og kai plass**  
**Uke, måned eller årsmål**  
Ta kontakt med  
**Atle Jøsang - tlf. 900 72 369**  
**Mail: atle.josang@griegseafood.com**

## KFL bil og utleige

Utleige av stillas frå 500 kr. veka  
Utvendig lakkrens av bil frå 2500 kr.  
Innvendig reingjering frå 500 kr.  
Skinngleie frå 500 kr.  
Desinfisering av klimaanlegg 500 kr.

**Kjell Frode 907 83 797**

**John Magne 909 24 964**

**Epost: kjellfrode75@hotmail.com**



**Har du noko arbeid du skulle ha gjort,  
vedlikehald, vaktmeistertjenester m.m.**

**Spør oss!**

**Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65**

**Har du avlagde kler, sko og leiker?**

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - [www.thk.no/](http://www.thk.no/)

**Annette Bokneberg (91 32 82 58) og  
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)**

## Landbrukskontoret informerer

Landbrukskontoret vil ikkje ha representant på Bokn 05.07 -08.08.

Det er sumartid, og landbrukskontoret vil dermed ikkje ha nokon representant på Bokn frå og med 5. juli. Første kontordag på Bokn etter ferien vil vere torsdag 9. august.

For kontakt med dei tilsette som jobbar i Aksdal i sumar, kan ein ringa servicetorget på tlf 52 75 70 00.

**Emilie Moi Eikje  
Landbruksrådgjevar Tysvær og Bokn  
tlf: 52 75 77 69**

[emeikje@tysver.kommune.no](mailto:emeikje@tysver.kommune.no)

**coop  
marked**

**COOP MARKED BOKN**

**coop  
marked**

**Mandag til fredag: 09.00 - 18.00**

**Lørdag: 09.00 - 16.00**

**Drivstoff hele døgnet - kortautomat**



# Det gode liv; på Bokn

Tekst: Anne Elisabet Askeland - foto: Jardar Havikbotn

Det var med glimt i augo vi avtala at vi skulle halde sommaravslutning for "Trimmen" med ost, kjeks og...vin... "Årgangsvinen", av merke Coop`s ypperste drue/blåbær/aronia - juice, vart sirleg dekantert over i passande karaflar og servert saman med ost, kjeks, druer og anna frukt. Praten gjekk som vanleg svært godt. Det slår oss kvar gong kor strålende dei er desse damene...kor godt praten går. Det slår oss korleis dei bryr seg om kvarandre; korleis dei spør etter kvarandre dersom det er nokon som ikkje er tilstades... Dei strålar av omtanke for kvarandre og andre; det kjennes trygt. Dei involverer oss i sine liv; og det er lett å invitere dei inn til også å verta del av våre liv. Damene "våre", som vi kallar dei, har sidan mars i 2011 vore samla kvar torsdag til "løp", lått og løye. For det har vore mykje lått og mykje løye. Det har vore høg puls, sveitteperler og balanse-trening... Vi var spente då vi starta opp: "Ville dette aktivitetstilbodet vera av interesse?" No, eit godt år seinare, kan vi

nøgde konstatere at det på den fore-løpige planen vidare står fylgjande:

1. Vidareføring aktivitetstilbod trim tors-dagar, eit tilbod i regi av Bokn kommune  
Tid: 10.15 - 11.15  
Stad: Gymsalen, skulen  
Oppstart torsdag 30. august 2012  
NB. Det er verd å merkje seg at Anette Våga no har vore på kurs i seniortrim og har mykje kjekt med seg i bagasjen heimatt: Vi gler oss til å få ta del i ny kunnskap og nye øvelsa til haustenr. I tillegg vil fysioterapeut Geir bidra også neste sesong.
2. Oppstart seniordans, eit tilbod med utspring i eit privat initiativ ☺☺!  
Tid: Nærmare info kjem  
Stad: Nærmare info kjem  
Oppstart: Ca. midten av september
3. Oppstart gå- gruppe, eit tilbod med utspring i eit privat initiativ ☺☺!  
Tid: Nærmare info kjem  
Stad: Nærmare info kjem  
Oppstart: Nærmare info kjem

Det vert oppfordra til sam-handling på alle nivå om dagen; sam-handling for god helse og for fleire gode leveår. Bokn kommune har som målset-ting å vera pådrivar og støttespelar til både etablerte og nye initiativ og det er difor flott å notere seg initiativa som blant anna har kome i kjølvatnet av "Trimmen".

Nok ein gong: Vi vil med dette oppfordre alle - i alle aldre, til å vera aktive kvar dag. Det handlar om 30 minutt for dei vaksne og det handlar om 60 minutt for borna...

30 og 60 minutt; ei beskjeden investering - i det gode liv; på Bokn. Varme sommarklemmar frå Anette Våga og Anne Elisabet Askeland



Det gode liv på Bokn

## Utleie av minigraver 2500 kg

Pris døgn kr. 1.000,- + mva    **Kontaktpersoner:**  
Pris veke kr. 5.000,- + mva    John Magne Lie 909 24 964  
Pris pusseskuffe kr. 150,- + mva    Kjell Frode Lie 907 83 797  
3.500 kg hengar, døgn kr. 400,- + mva

## Kommunen informerer



**SOMMAREN 2012**

**BIBLIOTEKET ER STENGT I TIDA:  
25.JUNI - 22.JULI**

**BIBLIOTEKET HAR OPE:**

**MÅNDAG 23.JULI 16-19  
MÅNDAG 30.JULI 16-19  
MÅNDAG 06.AUG. 16-19  
MÅNDAG 13.AUG. 16-19**

**GOD SOMMAR!**

## Møteplanar, kommunale styre og utval

### Bokn kommunestyre

25.09 kl. 19.00 (Boknatun, 2. etasje)  
18.12, budsjett kl. 19.00 (Boknatun, 2. etasje)

### Bokn formannskap

14.08 kl. 17.00 (Boknatun, 1. etasje)  
14.08 kl. 17.00 (Boknatun, 1. etasje)  
14.08, budsj.konf. kl. 17.00 (Boknatun, 1. etasje)  
14.08, budsjett kl. 17.00 (Boknatun, 1. etasje)

### Bokn forvaltningsstyre

22.08. kl. 18.00 (Boknatun, 1. etasje)  
03.10. kl. 18.00 (Boknatun, 1. etasje)  
14.11. kl. 18.00 (Boknatun, 1. etasje)  
12.12. kl. 18.00 (Boknatun, 1. etasje)

### Bokn sokneråd

29.08 kl. 19.00 (Bokn bedehus)  
26.09 kl. 19.00 (Bokn bedehus)  
25.10 kl. 19.00 (Bokn bedehus)  
27.11 kl. 19.00 (Bokn bedehus)

Politiske møte blir gjort kjende gjennom oppslag på Coop Marked Bokn og kommunen si heimeside ei veke før møtet går av stabelen.

Sakspapira blir utlagde til offentleg ettersyn samstundes i Servicetorget og Bokn bibliotek.

Det kan bli sett opp ekstramøte ved behov.

## Bokn legekantor informerer



Siste dag før ferien var fredag 13. juli. Første dag etter ferien er tirsdag 7. august.

### Vikar Jan Schille starter 6. august

Jan Schille har sin første arbeidsdag i Bokn kommune mandag 6. august. Første åpne dag på legekantor blir tirsdag 7. august.

Dr Schille er vikar for dr Rønnevik i 1 år og jobber med samme liste - **ingen trenger bytte fastlege**. Nye pasienter som vil til Bokn legekantor velger dr Rønnevik som fastlege (www.helfo.no).



Jan Schille

Kommuneoverlege Dag-Helge Rønnevik går ut i eitt års permisjon frå 6. august.  
Her kjem ei sommarhelsing frå han:

## Kjære alle på Bokn!

Etter over 4 år på Bokn har jeg bestemt meg for å prøve meg i en annen type jobb, som kommuneoverlege i Karmøy kommune. Jeg går derfor ut i permisjon fra jobben her på Bokn i ett år fra 6. august. Min vikar blir Jan Schille som har fartstid fra sykehuset i Haugesund og Tysvær kommune som turnuslege, og det siste året fra DPS i Haugesund. Jan går inn i alle legefunksjoner i kommunen, dvs. som fastlege på legekantoret, tilsynslege på sykestua, helsestasjonslege, smittevernlege og kommuneoverlege med samfunnsmedisinske oppgaver. Jeg er svært glad for at Jan har signert for kommunen, han var mitt førstevalg da vi begynte å jobbe med å finne vikar for meg. Jeg er trygg på at Jan kommer til å gjøre en solid jobb i mitt fravær.

For meg har det vært 4 ½ gode år her på Bokn. Jeg har fått en god plattform å stå på rent faglig, ettersom man i en liten kommune får jobbe med et bredt spekter oppgaver. Fra dag 1 har jeg følt meg velkommen her ute, og jeg har satt stor pris på å se at listen min på legekantoret har vokst seg sakte men sikte større fra ca 220 pasienter da vi startet til nå ca 550. Det viser at det er grunnlag for å drifte et godt legekantor på Bokn, noe det må jobbes for å opprettholde i årene som kommer.

En stabil og god legetjeneste er viktig for enhver kommune, uansett størrelse. Jeg forstår godt at mange har "sittet på gjerdet" og ikke valgt å bytte fastlege til Bokn. Det har vel vært noe ustabil tidligere, og da er det til å forstå at man velger å være avventende. Samtidig er det avgjørende for videre drift av legekantoret at det er et godt nok pasientgrunnlag, og jeg mener vi må opp på 600 pasienter før vi er fornøyd. Kommunen får et "per capita"-tilskudd fra folketrygden på nesten 400 kroner per pasient som går til det kommunale legekantoret. Det samme beløp må avses til nabokommunene for de som har fastlege utenfor Bokn. Så jo flere pasienter som velger Bokn legekantor, jo mer "per capita"-støtte får kommunen, og jo bedre blir inntjeningen når aktiviteten øker. Så her må det bare jobbes videre med å nå målsetningen på 600 pasienter. Det er fortsatt over 50 ledige plasser! (For å bytte fastlege gå inn på [www.helfo.no](http://www.helfo.no) eller ring fastlegetelefonen 815 59 500). Vi tilbyr alle undersøkelser og tjenester du finner på andre legekantor, og vi har kort ventetid... Det er

fortsatt jeg som er fastlege på Bokn, og Jan kommer til å jobbe som vikar med min pasientliste det neste året. Det betyr at ingen trenger bytte fastlege, og de som vil bytte til Bokn legekantor velger meg som fastlege.

Det har også vært spennende å jobbe på sykestua, på helsestasjon, delta i planarbeid og i folkehelsearbeid, med **s m i t t e v e r n u t f o r d r i n g e r** (svineinfluensaen spesielt) og som kommunelege med ansvar for blant annet miljørettet helsevern. Jeg har også fått gleden av å representere Bokn kommune i ulike prosjektarbeid, ikke minst i samhandlingsprosjektet "Helseteam for eldre" der vi nå leverer evalueringsrapport den 1/7 med oppsummering av prosjektet. Takk til alle dere som har stilt opp i prosjektet her på Bokn! Med over 80 % oppslutning blant de eldre over 75 år tyder det på en positiv innstilling til å bidra på nye områder og til utvikling av tjenestetilbudet i kommunen.

Kommunen går spennende og utfordrende tider i møte, ikke minst med tanke på samhandlingsreformen som stiller større krav til kommunene. Slagordet nå er "rett behandling, på rett sted til rett tid". De kommunale helse-tjenestene må styrkes ytterligere, og de må samhandle bedre både internt og eksternt. Noen tjenester kan kommunen sørge for selv, andre bør man samarbeide med andre kommuner om. Det er mange prosesser og prosjekter på gang i kommunen, og jeg tror Bokn vil klare brasene, slik tradisjonen har vært her ute i mange år også før jeg kom. Men det er nye vilkår for arbeidet vi skal gjøre i seksjon helse, tidene endrer seg, og det er viktig at vi henger med i svingene og er innstille på å tenke nytt og være fleksible i forhold til hvordan ting har blitt gjort tidligere. Jeg tror Bokn er inne på en svært god kurs når det gjelder det å satse på helsefremmende og forebyggende arbeid. Fortsatt brukes mesteparten av pengene i helsevesenet ETTER at diagnosen er stilt. De kommunen som klarer å rette fokus mot hva vi kan gjøre for å UNNGÅ å bli syke, kan med tiden både dempe trykket på helsetjenestene og få en friskere befolkning med flere gode leveår. Det er jeg overbevist om!

Det har vært en glede å jobbe med flotte fagfolk i kommunen, med stor entusiasme og mye godt humør! Takk til dere alle for godt samarbeid – ingen nevnt, ingen glemt! Og takk til alle

pasientene mine som har vært tålmodig og grei med meg når jeg har vært forsinket, og som svarer meg med et smil; "det går bra, jeg har god tid jeg".

Jeg vet ikke hvordan framtiden ser ut, og benytter derfor dette juli-nummeret av Bygdabladet til å takke for meg så langt, og samtidig ønske alle en riktig god sommer!

Helt til slutt: Om noen skulle være interessert å følge meg videre, har jeg en blogg der jeg skriver litt om min arbeidshverdag og tanker om dann og vann: **[www.disktritslegen.com](http://www.disktritslegen.com)**.

Med vennlig hilsen  
**Dag-Helge Rønnevik**



**Kommunelege Dag Helge Rønnevik.**



# Sommarmarknad 2012

## Sommermarked = sommerstemning!

Tekst: Hanne Marte Vatnaland - foto: Hanne Marte Vatnaland

De ansatte på Coop Bokn var bekymringsløse for en av sommerens viktigste værmeldinger; «**Det har aldri regnet på et sommermarked!**»



Populær karusell.

Dette stemmer fortsatt etter årets vel overståtte sommermarked, selv om det regnet både tidligere og senere på dagen.

**Det ble stort oppmøte** av innbyggere, hyttefolk, turister og andre tilreisende for dagen, og aldri før har det vært så mange aktiviteter å velge mellom for

store og små. «Noen har hatt stand på markedet år etter år, og de som var helt nye i år sier de gjerne kommer igjen,» sier initiativtaker Tor Harald Alvestad som

er storfornøyd med gjennomføringen.

**I salgsbodene** kunne man blant annet finne cupcakes, pyntegjenstander, hudpleieprodukter, t-skjorter, thaimat, diktsamlinger, smykker, leker, bilpleieprodukter, samt mye annet. Røde Kors var på plass i kafeen med masse godt, og for dem er sommermarkedet årets viktigste inntektskilde. Blant de minste var karusell, Elias båten, akvarium og trampolinen noe som ble snakket om i dagevis etterpå i mange hjem.

**Tross alle alternativer** ser det ut for at sommermarkedets største trekkplaster er fellesskapet. Å nyte dagen sammen



Bokn Trial stiller alltid opp på sommarmarknaden.

med kjente og ukjente, - Noen man ser mye til og andre man sjeldnere møter på. «Jeg får mye hjelp fra mange hold rundt arrangementet, og alle mener det er viktig for oss å ha en hyggelig dag



Nytt av året - trampoline.

sammen, - Det er derfor det blir sommermarked hvert år selv om jeg alltid etterpå sier at dette var den siste...» ler Tor Harald.

**Han sier det alltid kommer nye ideer** fra hvert sommermarked til ting han vil gjøre neste år, men hvilke ideer han har fått i år er han hemmelighetsfull om. «Trebåtsnekkeriet og akvariet var nytt i år, og ble en stor suksess. Neste år blir det nok enda mer aktiviteter for ungene. Når de koser seg, koser de voksne seg, og det er så kjekt når det kommer så mange blide og fornøyde folk på sommermarkedet!»



"Det har aldri regna på ein sommarmarknad".

# Forsikring handler om trygghet

---

## Gode opplevelser på ferie og i fritiden

Hva er vel bedre enn gode ferie og fritidsopplevelser? En god forsikring er med på å skape trygghet på hele reisen.

## Topp reiseforsikring gjelder fra du forlater huset

Med topp reiseforsikring får du dekket alle typer reiser året rundt, og vi stiller ingen krav til overnatting eller flyreise.

Du kan velge mellom Standard og Topp reiseforsikring.

Avbestillingsforsikring er inkludert i begge.



[www.sr-bank.no](http://www.sr-bank.no)



God sommer



# HÅRSMIÅ

Velkommen til Hårsmiå


Åpent hver dag og utover kvelden  
for de som vil komme  
etter arbeidstid.

Sommerferie fra 14. juli. Starter  
opp igjen fredag 17. august.

Ønsker alle en flott sommer.

Vennlig hilsen

Mona på  
Hårsmiå  
52 74 86 47-  
46 44 29 20



**PAUL MITCHELL**  
LUXURY HAIR CARE

Frisørrommet på Boknatun  
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:  
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:  
kl. 09-16  
Partallsuker:  
fleksible  
åpningstider

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR.

Sommeråpent, men har stengt  
mandager og fredager i uke 27-31

Hilsen fra  
Anita

99 32 55 34  
52 74 85 34

**GOLDWELL**  
CLOSER TO STYLISTS. CLOSER TO HAIR.

## DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00  
Trenng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.  
Påmelding på tlf. 93 09 39 98

**Mariann Skjelde - aktivtør**



## NAV BOKN

Kontortid kl. 9.00 - 14.30

**Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33**

**Unn A. Mustaparta - leiar**

## HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar,  
tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30  
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil  
46 93 69 65

**Henriette S. Lindanger - helsesøster**

## JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet  
mandag i oddetallsuker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40  
41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helse-  
stasjonen!

**Bodil Ljones Auestad - jordmor**

## BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje  
veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smarter i muskler og ledd? Ta direkte  
kontakt.

**Geir Austvik - fysioterapeut**

## BOKN TANNKLINIKK

**Bokn tannklinikk tar nå imot nye  
vaksne pasientar.**

**Kontortid**  
tysdagar kl. 08.30 - 15.10  
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via  
Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

**Tannlege Ingjerd Hope Myklebust**

## BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt  
onsdagar i partallsveker.  
Opningstider 08 - 15.30.  
Telefontider 08-11 og 13-14.  
Telefon 52 75 25 40.

**Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring  
Bokn Legevakt 52 74 85 22  
(heile døgnet).**

**Ved livstruande tilstand, ring 113.**

Timebestilling på internett eller SMS,  
sjå [www.bokn.no](http://www.bokn.no) for meir info.

Lista blir fylt opp, men det er framleis ledig  
kapasitet!

**Dag-Helge Rønnevik - lege**

## BOKN FOTTERAPI

Onsdag kl. 08.15 - 12.30  
Torsdag kl. 08.15 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

**Rita Bokneberg - fotterapeut**

## LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl.  
08.00 - 12.00

Direkte nummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

**Bjørn Bruaset: 52 75 71 75**  
**Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69**

## SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

**Me kan t.d. hjelpe deg med:**

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandlar  
i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler  
eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og  
dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt  
med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdabøker, boknaspennå, krus,  
m.m.
- kopiering

**Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11**

**E-post: [post@bokn.kommune.no](mailto:post@bokn.kommune.no)**



**Bokn bibliotek**

**Opningstider:**

Mån. 16 - 19      Ons. 16 - 19  
Tys. 10 - 13.30    Tors. 10.- 13.30

**Prøv ein annonse i Bokn Bygdablad**

## Eit hopp inn i paradis...

Foto: Hanne Marte Vatnaland



**5**

**5 på  
sommar-  
marknad**

**Kva syntes du er  
kjekkast med  
sommarmarknad?**

Hanne M. Vatnaland

**Sondre Norekvål (7):**

Det er kjekt at det er så mange folk her. No skal eg bort å prøve den trampolin. Den trur eg er kjekk!



**Isa (2) og Cecilie Vaage Geitung (28):**

Det er ein veldig fin tradisjon, og det er kjekt at marknaden har blitt så populær i og med at Bokn ikkje har noko særleg møteplassar. Det er jo kjekt å treffe igjen kjensfolk.



**Malena Hognaland (13):**

Det er kjekt at det er så mykje folk her! Det er masse kjekke bodar, så er det bra at det ikkje regner sidan marknaden er litt vær avhengig.



**Malin Taraldlien (39):**

Det er veldig kjekt å ta med ungene hit og treffe masse folk me ikkje ser til vanleg, mange utflyttarar kjem jo på besøk nå om sommaren så det vert nesten som ein nasjonaldag nummer to på Bokn. Så likar eg å legge igjen pengane på Bokn.



**Kristin (34) og  
André Våge Nord-  
hagen (22),  
Emil Skjeggstad (4)  
og Hanna Våge  
Skjeggstad (22):**

Me har slekt i Våga så no er vi på hytta på Austre Bokn. Tidligare har vi vore på marknad i Krojen, og det er veldig kjekt når så mykje folk er samla. Trampolin og karusellen var noko av det kjekkaste, også såpeboblene me har kjøpt oss då.



Det er veldig god sommarstemning her nede på marknaden.